



Bø kyrkjeblad

Utgåve 12 - Juni 2023



Tilsette i Bø kyrkjelyd



Kyrkjeverje
**Alf Rose
Sørgarden**

958 91 494
alf.rose.sorgarden@
mtkyrkje.no



Kontorfullmektig:
**Dagne
Mo**

404 31 829
dagne.mo@mtkyrkje.no



Sokneprest:
**Axel J.
Bugge**

454 77 020
axel.bugge@mtkyrkje.no



Kapellan:
**Per Inge
Bergem Håland**

917 89 097
peringehaland@gmail.com



Organist:
**Rolf
Axelsen Lie**

951 83 114
rolf.lie@mtkyrkje.no



Korleiar:
**Grete
Hasselgård Sele**

915 56 348
grete.sele@mtkyrkje.no



Trusopplærar
**Signe Vreim
Østtveit**

971 82 146
signe.osttveit@mtkyrkje.no



Kyrkjetenar/
kyrkjegardsarbeidar:
**Per Johan
Nordvik**

913 89 533



Kyrkjetenar/
kyrkjegardsarbeidar:
**Håkon
Holtar**

906 16 806



Kyrkjetenar:
**Håkon
Mæland**

957 51 519



Levende kirke

*«Kom til meg alle som strever og bærer tunge byrder». «La ikke uro få
makt over dere. Tro på Gud og tro på meg». Tre Jesusord til oss.*

VI LEVER I EN UROLIG TID. Vi er ikke vant til å uroe oss. I Europa har det meste gått nærmest prikkfritt siden krigen. Nå kriges det i Europa igjen. Vi befinner oss i en miljøkrise som antakelig er mer alvorlig enn vi er i stand til å fatte.

Universets Herre kaller på oss.
«Menneske hvor er du!?» Gud ropte på de første mennesker. Gud roper fremdeles.

Gud roper mennesket til seg. Gud roper til kirkene! Bli med! Kom og vær med å skape gode, omsorgsfulle, varme fellesskap. Alt Gud har å gi, gis i kirkene. Mysteriet i ORDET og SAKRAMENTENE blir gitt oss der. Vi synger og bekjenner.

Kjærlighet blir gitt ved at den praktiseres gjennom menneskenes holdninger og handlinger. Vi må gi varme. Vi må vise omsorg. Vi er intet mindre enn Herrens hender. Jeg vet at vi ofte svikter.

Jeg har en drøm for Bø sokn:
Punkt 1) At kirka må fylles.
At mange derved sier at jeg vil være en del av Jesu legeme.

Punkt 2) At alle så må finne seg en plass i tjenestens sammenheng.
Tjenesten for medmenneske. Vi må leve slik at livet kan bli litt bedre for minst en annen.

Ikke minst: Vi må vende oss fra vår materialistiske og grådige levemåte.
Jorda tåler det ikke.

Ulf Vege, soknerådsleiar

Helsing frå kyrkjeverja

For omlag eit år sidan starta eg som kyrkjeverjevikar i Midt-Telemark kyrkjelege fellesråd. Eigentleg var planen at eg «skulle passe butikken» fram til nyttår, men så blei vikariat forlenga til ut juli.

Frå 1. august seier eg takk for meg i rolla, og startar som kyrkjeverje i Hjartdal.. Eg er svært takksam for å ha fått arbeide for kyrkjene i Midt-Telemark gjennom dette året. Mange nye triveleg menneske har eg blitt kjent med og mange eg kjende frå før, har eg lært å kjenne betre.

Det er fint å sjå korleis arbeidet med forvalting av kyrkjene våre engasjerer breitt og at nær på samlege er glade i dei flotte kyrkjebygga våre. Tru og tilhøyrighet er noko somme snakkar høgt om og andre ikkje så høgt. Vi er alle den vi er og fyller vår plass i fellesskapet. Kyrkja har vore i lokalsamfunnet vårt i innpå tusen år, og skal forsetje å vere det. Kyrkja skal vere



der for alle som vil at ho skal spele ei rolle i liva deira.

Kyrkja er gjenkjenneleg på innhald og også på store delar av liturgi og form. Men i måten å innrette arbeidet på er ein god del endra. Slik alt levande i naturen er i endring, må ei levande kyrkje også vere det. Ein set seg ikkje på kyrkjetroppa og sutrar over at det kom fleire til messe i gamle dagar. Nei, då stiller ein seg heller spørsmålet kva ein kan gjere for å bli enda meir relevant i bygdefolks liv i 2023. Kanskje er det enno meir å hente enn den fornyinga ein allereide har gjennomført?

Gjennom hundreåra har kyrkjene våre vore der både i medgang og motgang. Til tider kanskje meir som autoritær og streng enn som omsorgsfull og tenande. Der alle roller er fylt av menneske, er også form og innhald prega av einskildmenneske og av tidene vi lever i. Men noko trur eg vil gjelde til alle tider: Vi som menneske blir betre når vi blir sett. Når nokon legg merke til

det vi bidreg med. Og seier det, anten med ord eller takksem i blikket. Også dei tilsette og friviljuge i kyrkja treng det. Om presten sa noko som var godt å høre eller viktig i ditt tankeliv eller om du syntes organisten leverte eit fantastisk postludium, så sei det gjerne til dei. På kyrkjebakken eller på butikken. Og kyrkjegardane blir ikkje velstelte av seg sjølv. Kyrkjeterane fortener å få høre det. Likeså med dei som driv arbeidet for barn og unge, eller skjötter kontortenestene, eller alle dei som ryddar, vaskar, arrangerar. Ja, gjer det som ikkje gjer seg sjølv og som i sum gjer at lokalkyrkja finst.

Vi kan alle bli flinkare til å sjå kvarandre og spele kvarandre betre. Då er det dessutan også lettare å koma med eit innspeil til endring utan at det blir teke som sur kritikk.

For eigen del kan eg i alle fall seie at den balansen er viktig, og takke for alle gode ord, gode menneskemøte og konstruktive samtaler og innspeil i løpet av vikaråret mitt. Og det skulle ikkje forundre meg om hjartdølane er like hyggelege som midt-telemarkingane.

Alf Rose Sørgaarden

Hilsen fra Bøhamna barnehage til presten





Tror du på Gud?

Håper du at Gud finnes?

De to spørsmålene lander litt ulikt, men handler kanskje om det samme?

Håp, rasjonalitet og hverdagen midt imellom

Det er noen som sier at de som tror på en Gud eller noe utenfor seg selv, lager seg et falskt håp. Et håp for å komme seg gjennom dagene eller gi mening til livet. At håpet er for de som ikke er sterke nok til å takle livet som det er. Vi er da tross alt rasjonelle vesener, må vite.

Jeg opplever at alle sammen håper hver dag, hele tiden. Vi gjør ting i håp om noe annet, noe litt lenger framme. Mennesker spiser litt mindre i håp om å bli slankere og sunnere. Vi shopper klær, og kanskje ligger det et håp om at det skal føles litt bedre når dagen er bedritten. Vi jogger og trener og puster og peser i håp om å leve lengre, drikker

kaffe i håp om å våkne litt til en tidlig mandags morgen, løser sudoku i håp om å holde oss kløktige i hodet litt lengre. Vi tar barna med til legen i håp om at de med fagkompetanse skal gi oss riktig behandling. Kreftpasienter og deres pårørende mestrer dagene bedre hvis de tviholder på håpet. Vi legger myntene i bøssa i håp om at de skal bidra til en mer rettferdig verden og drar på strømpebuksa i håp om at vinterdagen ikke skal oppleves like kald som dagen før. Vi håper på at vi en dag skal finne den store kjærligheten og se drømmene vi har båret på i mange år, går i oppfyllelse.

Åsne Gotehus Kohn, Diakon i Sauherad og Nes

Samfunnet vi er en del av er opptatt av logikk, sannsynlighetsberegning, kalde fakta og sammenhenger mellom årsak og virkning. Og det er fint, viktig og helt nødvendig. Mye skal gå opp. Kristen tro også, det er mange rasjonelle grunner til å tro. Men samtidig utgjør ikke det hele bildet av livet. Visse ting i livet forblir et mysterium. Og på grunn av logikken vi flaskes opp med, kan det være vanskelig å si at en tror på Gud, for hva med.. og hva med.. og hvordan henger det sammen med..? Men trosbegrepet handler ikke først og fremst om logikk og sannsynlighet. Trosbegrepet slik det utviklet seg i bibelsk tid er faktisk nærmere det vi i dag vil omtale som håp. For kan det være at svaret ditt endrer seg om jeg spør «Håper du på at det finnes en god Gud? Håper du at det finnes noe etter døden? Håper du at all urett og smerte en gang skal ta slutt?» For veldig mange vil det være lettere å nikke ja til det. For vi håper jo, gjør vi ikke?

Det er mye i nyhetssendingene og avisoverskriftene som ikke gir oss særlig håp. På dårlige dager kan jeg tenke at verden går i rasende fart, og det i feil retning. Globalt har 1 av 33 personer behov for humanitær bistand. Tallet er mye større enn i fjor, og klimaendringene gjør at dette bare vil øke. De unge har klimaangst, renta går opp og vi mister stadig håp om en bedre framtid. Samtidskulturen vår er relativt «dennesidig», opptatt av livet her og nå, av IKEA-sofaer og lederlønninger og det vi omgir oss med. Og livet her og nå er viktig. Lønninger og gode sofaer likeså. Men stadig flere kjerner på meningstap og verdiløshet.

Jeg tror ikke håpet er utdatert. Mennesker har alltid hatt behov for spørsmålene hvorfra og hvorhen. Jeg har iallefall behov for dette. Ok. Så kanskje klarer du ikke å tro. Men kanskje håper du at Gud finnes? At vi er båret av noe større? En som bærer, selv om det verste skulle skje.



Heile 25 år med korskulen!

Bø er kjend for framifrå godt arbeid med song og musikk for barn og ungdom og kyrkja er ein sentral del av dette.

Helga midt i mai feira korskulen heile 25 år, med konsert i Gullbring laurdag og mykje glad song i gudstenesta søndag. Feiringa laurdag starta med oppvarming av Minikoret i Framstugo. Humørfulte og sprelske ungar sjarmerte alle og viste at dei minste eigentleg er størst: «Minstemann, minstemann, I Guds rike er ingen større enn han..»

Deretter var det Singlett og Seltin sin tur i Storsalen. Dei framførte musikkforteljinga «Den triste kongen», saman med forteljar og regissør Helga Samset og profesjonelle musikarar. I veksling mellom song og forteljing fekk vi høre historia frå Det gamle testamentet om Saul, konge over Israel, som sleit med depressive tankar. Men

harpespelet frå ungguten David gjorde kongen glad til sinns. Akkurat slik som songen frå dei livsglade ungane verka på oss som hørde på. At harpa var bytt ut med hardingfele på scena var ei tilpassing som gjorde det endå lettare for böheringar å identifisere seg med bodskapen.

Helga Samset, som hadde manus og regi, fortel at dette var premiere på ei aktualisering av eit kapittel i Svein Tindbergs «Bibelfortellinger for barn», som ein har lese frå på øvingane i korskulen. Med melodiar laga av Jon Rørmark har korskulen laga ei framsyning som også bør bli brukt andre stader.

Feiringa av 25 år var dessutan sentral i festgudstenesta søndag med ei mest fullsett kyrkje. Der held kora fram med å imponere og spreie ut den glade bodskapen med både korsong og soloar. Sjeldan har det vore så mykje applaus i ei gudsteneste som denne dagen.

Velfortent og ståande applaus både laurdag og søndag fekk også hovudleiarane, Grete Hasselgård Sele og Rolf Axelsen Lie, som trufast har stått i arbeidet i 25 år. Dei har gjort ein formidabel innsats, og har saman med medleiarar og andre engasjerte gjort korarbeidet til ein heilt sentral del av Bø kyrkjes barne- og ungdomsarbeid. Hundrevis av barn har gjennom kora fått med seg viktig bagasje til å møte utfordringane seinare i livet. Takk for dette og lukke til vidare med eit viktig arbeid!

Bjørn Seljebotn

Sommargåve til Bø kyrkjeblad!

Tusen takk til alle som har vore med å gi ei gåve til Bø kyrkjeblad. Bladet går dessverre med underskot, så vi treng fleire som gir. Gud elskar ein glad givar og vi takkar for alle bidrag.
Beste helsing
Ulf Vege, soknerådsleiar

Vil du gi ei sommargåve til kyrkjebladet som kjem ut fire gonger i året? Då kan du betale inn 200 kroner til konto eller på Vipps (eller eit anna valt beløp). Legg gjerne inn fast beløp til kyrkjebladet på autogiro. Kontonummer: 2801.53.52096, merk med «Sommargåve til kyrkjebladet». Vippsnummer: 632120





«Blå salme»

«Blå salme» av Erik Bye er ein av toppane i Norsk salmebok. Det er ein ny salme, men har alt nådd å bli ein klassikar. Salmen er nært knytt til Erik Bye som visesongar, og noko av poenget er nettopp overgangen frå vise til salme. Det er ein tekst full av energi, som Bye med si karakteristiske stemme og gode diksjon formidlar på

ein framifrå måte. Det kan ikkje vera lett for andre å syngje denne salmen, utan at det skurrar. Henning Sommerro har komponert ein vakker melodi som står godt til teksten.

Erik Byes salme byggjer på den visetradisjonen han kjende så godt. «Jeg synger meg en blå, blå salme når dagen svinger hatten til farvel,» heiter det. Blå er ein vakker farge. Men han



assosierer også til blues, til noko som kling i moll. Dette tvitydige draget kjem Bye nærmare inn på seinare. Den første strofa inneheld ei lang rad besjelingar: dagen svingar hatten til farvel og ror mot andre og fjerne strender når det blir kveld. Det er til desse strendene songaren også sokjer seg, kvelden nærmar seg også for han, anar vi. Vi kjem kanskje til å tenkje på Jens Gundersens «Fiskerens morgensang» ('Sett løkt på brygga imot kveld og ta imot meg når jeg kommer').

I neste strofe blir det klart at songaren gjer opp sitt bu. Han takkar for livet, for all glede, for barnesteg i tunet og den kjæres gode kjærteikn. Men også for vakenetter og uro, for alt han ikkje sjølv skjøna. Dette kunne gje dagane eit halvmørkt drag.

I siste strofe skjer overgangen frå vise til salme. Songaren innfører eit ukjent begrep: Hånd. Det er knapt tilfeldig at ordet lydmessig assosierer til ånd. Og det ligg i korta at handa er Guds. Gud har lækjedom for alle sår, og signar jorda. Vi møter ein Gud etter Byes oppskrift – rett ryggen, stå opp og gå i striden! Som Bjørnsons glade gut skal du lyfte hovudet. Uttrykk som sjel, og Herrens tid byggjer opp om salmefellesskapet: «Så synger vi vår salme». I dei to første strofene er det songaren aleine som syng, nå er han med i eit stort salmesyngjande kor.

Av Olav Solberg

T 1994 Erik Bye
M 1994 Henning Sommerro

*1 Jeg synger meg en blå, blå salme
når dagen svinger hatten til farvel
og ror med sakte åretak mot strender
dit alle dager ror når det blir kveld.
Da søker jeg min hvile
ved treets trygge rot
mens sankthansormer gløder grønt
i gresset ved min fot.
Da synger jeg min salme.*

*2 Jeg synger meg en blå, blå salme
og takker for all grøde som ble min.
For lyse døgn, for barneskritt i tunet
og dine gode kjærtegn mot mitt kinn.
Men òg for vakenetter,
som aldri unte ro,
men ga min dag et dunkelt drag
jeg aldri helt forsto.
Nå synger jeg min salme.*

*3 Jeg synger meg en blå, blå salme
til deg, du Hånd som sanker og som sår
og senker deg med signing over jorden
med legedom for alle våre sår.
Som byr oss rette ryggen,
stå opp og gå i strid.
Med løftet hode skal hver sjel
gå inn i Herrens tid.
Så synger vi vår salme.*

Frivillige - en bærebjelke i kirken

I Den norske kirke er det ca. 7.500 ansatte. Tilknyttet kirkens arbeid er det estimert over 100.000 frivillige. Det er åpenbart at lokalkirken er helt avhengig av de frivilliges innsats. De frivillige kan deles i tre kategorier **tjeneste**. Mange bidrar med **bønnetjeneste**. Mennesker som ber for arbeidet i soknet og for menneskene som bor der. For konfirmanter og dåpsbarn, unge og gamle. For kirken er dette en sentral og viktig tjeneste. Videre er det mange som bidrar med penger i form av givertjeneste. Mye av aktiviteten i menigheten er avhengig av slik **givertjeneste**, og det er sannsynlig at kirkens arbeid blir mer og mer avhengig av dette. Aktiviteten som skjer er ikke bare avhengig av penger, men også menneskelige ressurser. **Frivilligtjeneste** bidrar på forskjellige måter, med alt fra kakebaking, besøkstjeneste, arbeid med menighetsblad, rigging av stoler og bord, søndagsskole, klokktjeneste, ungdomsarbeid, barneklubb osv. Lista er lang.



I Paulus brev til romerne, kapittel 12 står det:

⁴ Vi har én kropp, men mange lemmer, alle med ulike oppgaver. ⁵ På samme måte er vi alle én kropp i Kristus, men hver for oss er vi hverandres lemmer. ⁶ Vi har forskjellige nådegaver, alt etter den nåde Gud har gitt oss. Den som har profetisk gave, skal bruke den i samsvar med troen, ⁷ den som har en tjeneste, skal ta seg av sin tjeneste, den som er lærer, skal undervise, ⁸ og den som trøster, skal virkelig trøste. Den som gir av sitt eget, skal gjøre det uten baktanker, den som er satt til å lede, skal gjøre det med iver, den som viser barmhjertighet, skal gjøre det med glede.

Vi er alle forskjellige, med ulike egenskaper. Noen av oss er unge og noen er gamle. Noen har tid til overs, andre har det travelt. Og livene våre er fylt med forskjellig. Det betyr at vi derfor kan bidra og gi til fellesskapet på forskjellig måte. Og noen er i en situasjon der de trenger å motta, og

ikke gi. Å bare få være til stede, eller kanskje få besøk. Uansett trenger vi hverandre, nettopp fordi vi er forskjellige og har ulike behov og ressurser. Mange opplever også at man får, samtidig som man gir. Det kan være at frivilligtjeneste gir et sårt trengt fellesskap, nye venner, interessante opplevelser, eller at det rett og slett gir mening i hverdagen.

Frivilliges innsats, uansett hvilken type tjeneste, er som ringer i vann. Det får ringvirkninger på kort og lang sikt, for

en eller flere, for alle typer mennesker. At noen rigger stoler til et møte, koker kaffe på kjøkkenet, holder en andakt på ungdomsklubben, forteller bibelfortellinger på søndagsskolen, ber for konfirmantene eller gir kollekt på søndagen bidrar til «mer kirke på jorda», som jo er kirkens visjon. Vi skal tenke stort om dette! Fordi det betyr mye, selv om vi ofte kan tenke at det er så lite.

Martin Stærk



Kirkens Nødhjelp

Takk til konfirmantene som samla inn penger til Kirkens Nødhjelp den 28. mars. Til sammen fikk vi inn ca. 44.000 kroner på kontanter og VIPPS

Takk til foreldre som var sjåfører og takk til Sparebanken DIN som stilte med funksjonærer som telte pengene!

Fra venstre ser vi Susanne, Sofie, Ida, Eivind og Gaute som er ferdig med sin innsamling. Foto : Axel Bugge

«Jeg har bare dere!»

Dette sier mange som er i kontakt med frivillige i Kirkens SOS enten på telefon eller chat. Kirkens SOS sin visjon er: «Alltid et medmenneske å snakke med når livet er vanskelig».

Årlig besvarer vi i Kirkens SOS Telemark nærmere 10 000 henvendelser fra mennesker i følelsesmessig eller eksistensiell krise. De som ringer er ofte ensomme, sliter med både psykiske og fysiske plager, er i sorg, og noen har av ulike grunner selvmordstanker. Mange sier at Kirkens SOS og andre hjelpetelefoner er de eneste de har å snakke med. Noen sier at de ikke vil belaste venner og familie med problemene, og mange har ikke andre å snakke med. Selv om mange bruker hjelpeapparatet, så er de kanskje ikke tilgjengelig der og da, når det er behov for å snakke med noen. Det er viktig for innringerne at det er full anonymitet og taushetsplikt ved samtalene. Det viktige for oss frivillige er å være til stede og være lyttende. Vi er ikke fagpersoner som skal løse problemer eller drive med behandling. Selv om tjenesten kan være krevende noen ganger så oppleves det også som svært meningsfullt.

Kirkens SOS trenger nye frivillige. Det gjelder også i Telemark. Alle er velkomne til å være frivillig. Det kreves

ikke at den enkelte bekjenner seg som troende, men det forventes lojalitet mot Kirkens SOS sitt grunnsyn. For å være frivillig må den enkelte gjennomgå et kurs, som er veldig grundig og bra. Kurset gjennomføres nå i hovedsak digitalt. Som frivillig må en forplikte seg til å ha 2 vakter i måneden på ca. 5 timer hver. Vaktene kan tas enten på vaktrom på Gvarv eller i Skien, eller digitalt hjemme.

Mer utfyllende informasjon om Kirkens SOS, tjenesten, det å være frivillig og kurs m.m. finnes på hjemmesiden til Kirkens SOS Telemark. Det kan også tas nærmere kontakt på E-post eller telefon: E-POST telemark@kirkens-sos.no TELEFON 900 59 297 (mottar ikke sms).

Av Geir Sønstebø



Val av nytt sokneråd

Denne hausten skal vi velje både nytt sokneråd og nytt bispedømeråd. Dette skjer samstundes med kommune- og fylkestingsvalet. Sjå informasjon om tider og stad nedanfor.

Den norske kyrkja er demokratisk styrt. Val til nye råd kvart 4. år gjev medlemmane høve til å påverke kven som skal representere dei. Vi vonar alle kyrkjemedlemmane i Bø sokn nyttar høvet og sin demokratiske rett. I Bø er det berre ei liste til soknerådsvalet, men du kan påverke kven som skal inn i soknerådet ved å gje ekstra røyst til intil 3 kandidater du særleg ønsker inn i rådet.

Lista til soknerådsvalet er nominasjonskomiteens liste. Nominasjonskomiteen er sett ned av soknerådet og har hatt som mandat å skaffe tilstrekkeleg mange kandidatar til lista som kan representere heilskapen i kyrkjelyden. Soknerådet er valstyre og har sjekka det formelle og godkjent lista. Midt-Telemark kyrkjelege fellesråd blir oppnemnt etter soknerådsvalet med representantar frå både Bø sokn og Sauherad og Nes sokn.

Til bispedømmerådsvalet er det 4 lister: Nominasjonskomiteens liste, Åpen Folkekirke, Bønnelista og Frimodig kirke. Du kan finne meir informasjon om bispedømmerådsvalet på www.kirken.no/agder.

Kyrkjevalet 2023

Det vert høve til å røyste ved kyrkjevalet både på valdagane 10. og 11. september og ved førehandsval.

På valldagen

Det vert lagt til rette for eigne vallokale for kyrkjevalet i Gullbring, der røysting til kommunevalet finn stad. Dette vert markert med skilt i bygningen. På Gullbring vert det kommune- og fylkestingsval både sundag 10. og måndag 11. september.

Opningstid:

Sundag 10. september kl. 14.00 - 18.00.
Måndag 11. september kl. 10.00 - 20.00.
Bø sokn har betent lokale for kyrkjevalet på Gullbring båe dagar.

Førehandsrøysting

Det vert lagt til rette for førehandsrøysting fra 10. august på kyrkjekontoret til annonerte tider i opningstida. Det skal også vere førhandsrøysting ein sundag etter gudsteneste. Vi vil også ta kontakt med omsorgsinstitusjonane for førehandsrøysting der ein vekedag.

Det er eitt nasjonalt tidspunkt for førehandsrøysting: den siste torsdagen i august, altså 31. august fra kl. 15.00-20.00. Konkrete tidspunkt for førehandsrøystinga vert gjort kjent på www.mtkyrkje.no og www.bokyrkje.no.



Kandidatar til soknerådsval i september

I september er det val til nytt sokneråd. I alt 12 kandidatar er nominert, 7 kvinner og 5 menn. Dei representerer brei kompetanse og har erfaring frå ulike delar av kyrkjas arbeid. For at vi skal bli litt meir kjent med kandidatane, har Kyrkjebladet bedt dei svare på to spørsmål:

1. Har du vore med i frivillig arbeid i kyrkjelyden frå før, og i tilfelle kva?
2. Er det saker eller delar av arbeidet du særleg brenn for?



Nr 1: Ulf Bruno Vege, fødd 1949

1. Andaktsarbeid, bibelgruppearbeid. Er med i dagens sokneråd.
2. Bibelgrupper. Ellers formidling av evangeliet.



Nr 2: Ingunn Skalstad, fødd 1972

1. Ja, eg har vore med og hatt ansvar for søndagsskulen i ca 10 år.
2. Eg brenn særleg for arbeidet med barn og unge i kyrkjelyden. Bl.a. legge til rette for gudstenester og andre aktivitetar som er særleg retta mot ungdomar. Det er også viktig å ta vare på dei mange frivillige som legg ned stort og viktig arbeid i kyrkjelyden.

Nr 3: Nils Ivar Agøy, fødd 1959

1. Ja, jeg har vært medlem av soknerådet de to seneste periodene, altså siden 2015.
2. Kirka er en viktig aktør i samfunnet, også lokalsamfunnet. Den har verdier og perspektiver å by på som samfunnet trenger, så jeg er generelt opptatt av å styrke kirkas rolle som samfunnsaktør og motstemme. Veldig aktuelle saker nå er forvalteransvaret (inkludert klimaspørsmålene) og hva kirka kan gjøre for svake grupper.



Nr 4: Ruth Hogstad-Erikstein, fødd 1979

1. Jeg har sittet i soknerådet og vært medlem av fellesrådet i en periode. Jeg har vært med som voksenleder i søndagsskolen i 7 år og sittet i styret i Korskolen og FamilieKRIK i flere år.
2. Jeg brenner for at en skal føle tilhørighet til menigheten og at de som kommer skal føle at det er et inkluderende og godt fellesskap.

**Nr 5: Kristian Gotehus Køhn, fødd 1986**

1. Jeg er med som søndagsskolelærer og som voksenleder i ungdomsarbeidet. Jeg har også jobbet som prest i menigheten i sju år.
2. Jeg er opptatt av å skape gode møteplasser og formidle kristen tro på en troverdig og sunn måte. Og at vi som kirke lytter til menneskers behov og lengsler - hvordan kan vi bidra til gode og meningsfulle liv og fellesskap her i Bø?

**Nr 9: Gry Hege Vreim, fødd 1968**

1. Jeg har vært med som leder i søndagsskolen tidligere, og er veldig glad i korskulen. Prøver å få med meg så mange prosjekt som mulig i kyrkjekoret.
2. Jeg er opptatt av trosopplæring og at barn og unge skal finne et sted for tro og undring i menigheten vår. Jeg er også opptatt av kirkens kulturformidling. Musikkens plass, men også andre uttrykk som teater, dans og billedkunst.

**Nr 6: Anne-Lene Refsum, fødd 1961**

1. Jeg er klokker, leder 'Bøn for bygda' i Tomaskapellet, har vært med i redaksjonen for kyrkjebladet i to år, og er nå vara i soknerådet.
2. Jeg brenner for at folk skal få både sine åndelige og sosiale behov dekket i det kirkelige felleskapet. Jeg vil at kirken skal være en myk landingsplass, der hele mennesket blir møtt, hjulpet og inkludert.

**Nr 10: Audun Østtveit, fødd 1955**

1. Eg har hatt frivillig klokkenarreste i Bø i ein del år nå.
2. Eg har vore engasjert i mange frivillige misjonsorganisasjonar opp igjennom tida: frå tidlegare Misjon Bak Jernteppet (nå: Stefanusalliansen) og Åpne Dører, til Ungdom i Oppdrag, Oase, til Retreatbevegelsen. Er engasjert i menneskerettsspørsmål, spesielt trusfridom. Er også oppteken av å bringe evangeliet ut til alle folkeslag, også det jødiske folk.

**Nr 7: Olav Haugestøl, fødd 1954**

1. Eg er med i redaksjonen i kyrkjebladet og assisterer ved gudstenester som kyrkjevert.
2. Barne- og ungdomsarbeid er noko av det vi må prioritere i Bø. Det er svært viktig.

**Nr 11: Anna Katrina P. Miland Thomsen, fødd 1979**

1. Eg har vore med i soknerådet i to periodar tidlegare.
2. Eg er oppteken av arbeidet kyrkja gjer for barn og unge. Det er viktig at alle får vere med og kjenner seg inkludert i kyrkja.

**Nr 8: Kjerstin Midtbø, fødd 1983**

1. Jeg har ikke deltatt i frivillig arbeid i menigheten fra før da jeg ikke har bodd i Bø så lenge. I tidligere menigheter i Oslo har jeg deltatt i søndagsskolen, hatt diakonale oppgaver og deltatt i frivillig rusarbeid.
2. Det er viktig for meg at menigheten har et åndelig tilbud til mennesker i ulike livssituasjoner. Tilbud som favner barn, unge, unge voksne og godt voksne.

Nr 12: Bente Klokkehauge, fødd 1958

1. Eg er medarbeidar i Tru og lys-gudstenestene. Er dessutan vara i soknerådet i dag.
2. Eg er opptatt av ei inkluderande kyrkje og av bønne- og samtalegrupper.

Fint på kyrkjegarden

Forsommaren er her og vi skal også i år gjøre vårt beste til for å vedlikehalde kyrkjegarden vår, slik at det blir ein god og vakker stad å koma til. Det er flott om alle bidreg til dette med å nytte rett avfallsdunk. Det er berre plantearvfall og jord som skal i kompostkassa. Innhaldet der skal komposterast og må dermed vere fritt frå andre element. Dersom alle er flinke til å sortere, kan kyrkjeterane bruke tida si på å halde området i stand.

Med det same, ein liten repetisjon av kva vedtekten for gravplassane seier:

- Framom gravminnet (støtta) er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken omkring. Det må ikkje vere breiare enn gravminnet si breidde. Det skal ikkje stikke lenger fram enn 60 cm, målt frå gravminnet sin bakkant. Det kan ikkje plantast vekster som går utover gravminnet si høgd eller går utover plantefeltet.
 - Det er ikkje høve til å bruke **faste** dekorgjenstandar som blomsterurner, lykter mv i plantefeltet. Det er høve til å tenne stearinlys eller oljelampe på grava, så lenge dette er innanfor gjeldande reglar for brannvern. Stearinlys, oljelamper og **lause** dekorgjenstandar skal fjernast etter bruk.
 - Det er høve til å ramme inn plantefelt med delt steinkant eller steinplate som fluktar med terrenget omkring. Bedplate og fundament for gravminnet skal ikkje henge saman.
 - Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.
 - Det er ikkje høve til å ramme inn grava med hekk eller døde materiale.
- Og til sist; det hender støtter blir skeive eller fell ned på grunn av telehiv. Det er festars ansvar å følgje med på dette. Ein kan anten rette opp sjølv, eller ta kontakt med kyrkjekontoret. Då kan kyrkjeterane rette opp gravminnet mot betaling som vert innkrevd frå kyrjeleg fellesråd.
- Etter ei gravferd er det ikkje uvanleg at grunnen sokk litt saman. Kyrkjeterane følger med på dette og syter for å fylle på med jord etter behov.
- Kyrkjeverja

Ny kapellan i Bø, Sauherad og Nes sokn



Agder og Telemark bispedømme har tilsett Per Inge Bergem Håland som ny kapellan, og kyrkjelydane er glade for at det kjem ny prest i midten av august. Per Inge er 41 år og bur i Skien. Han har to søner, ein på 16 år og ein på 14 år, som bur hjå han annakvar veke.

Han har jobba som lærar i Skien i 14 år. Det siste halvanna året har han jobba som prestevikar i Gulset og Skotfoss kyrkjelyd. Parallelt med prestjobben er han student ved MF, på den nyoppretta erfaringsbaserte master i teologi. Prest under utdanning betyr at Per Inge vil fullføre teologistudiet samtidig som han jobbar 60 % som kapellan.

Per Inge Bergem Håland vi bli innsett som ny prest i Bø kyrkje sundag 10. september kl.17.00 av prost Asgeir Sele.

Vi ynskjer Per Inge varmt velkommen!!

Anden kjem pinsedagen

Apostelgjerningane kapittel 2

Då pinsedagen kom, var alle samla på éin stad. Brått létt det frå himmelen som når ein sterk vind blæs, og lyden fylte heile huset dei sat i. Tunger, liksom av eld, synte seg for dei, skilde seg og sette seg på kvar og ein av dei.

Då vart dei alle fylte av Den heilage ande og tok til å tala på andre språk etter som Anden gav dei å forkynna.

Konfirmasjon 2023

Laurdag 2. sep. kl. 11.00

Astrid Seljebotn Setvik
Celine Stølan Kveum
Guro Karlbon Dahle
Ida Kile Sundseth
Ingebjørg Kristine Skilbred Helås
Ingrid Marie Stærk
Julie Forberg Johansen
Sigrid Midtbø
Kevin Lama Lio
Vincent August Mindalen
David Nissi Osazee
Eivind Vik-Hansen
Eric Johannes Fostervoll
Isak Haugland
Sebastian Stordahl Voss
Jonas Thommessen-Velten
Jørgen August Sønstebo
Mathias Leander Nordahl
Tor Øyvind Hansen Lønnestad

Laurdag 2. sep. kl. 13.00

Kaia Frantzen Jacobsen
Live Hagen Flåtin
Malin Ralle Haugerud
Linnea Bø Solberg
Siri Bø Askildt
Sofie Salomonsen-Bøe
Susann Skindalen Pedersen
Eirik Nymoen
Aleksander Stokker-Li
Markus Kåsa Lunder
Kristoffer Nilsen
Mathias Tempelmayr Rønningen
Sander Hvifås Saga
Stian Haugan
Thomas Alan Vreim Robertson
Tim Fjellstad Kallestad
Tinius Håkonsen Hynne
Tobias Harstad Rinde
Tor Halkinrud Hynne
William Blichfeldt Dyrland
Ismail Noor
Yasiin Noor

Søndag 3. sep. kl. 13.00

Erle Jakobsen Iversen
Even Flatmo
Line Charlotte Bø Hansen
Emil Godskesen Staurheim
Gaute Bratland Solberg
Gunnar Brekke Roheim
Lukas Simonsen Aarnes

50 års konfirmantar

var samla til gudsteneste og hyggeleg lag på prestegarden 7. mai 2023



Frå venstre foran: Annlaug Tjønna, Edel Bakkemoen, Hilde Svagård Rognstad, Gunnhild Aakvik Gårå, Ingrid Sæther, Grete Karin Lihegna Stavenes, Turi Sæland.

Andre rekke frå venstre: Johannes Hegna, Arne Gunnar Tollehaugen, Unni Tollehaugen, Eva Tordis Aakvik, Åse Fåne, Hege Miles, Tor Lønnestad, Torbjørn Gunnar Teigen.

Bakerset rekke frå venstre: Stein Ketil Sauarlia, Anund Grivi, Geir Eide, Håkon Kåre Svendsen, Jan Helge Sønstebo, Asle Mandt.

Slekters gang fra mars 2023

Døpte



10/4-2023
Einar Gotehus Køhn



30/4-2023
Leah Nordbø



30/4-2023
Mille Løvik -Montaseri



Vigde



6/5-2023
Lene Nilsson og Bendik
Dagrud
Foto: Robert Sevland



20/5-2023
Ingрид Lerang Fossåskaret
og Svein Prestrud Astad
Forbøn for borgarleg
ingått ekteskap



28/5-2023
Johan Haugen-Midtbøen

26.02: Arthur Slettemo Andersen
16.04: Marius Valen
27.05: Adrian Amundsen

*Vi gratulerer dåpsfamiliane med dagen og
ynskjer barna velkomne til sundagsskulen!*



Gravlagde/Bisetting



- 03.03: Astri Verpe
- 03.03: Margot Svendsen
- 07.03: Harald Færstaul
- 17.03: Svanhild Jensen
- 24.03: Arne Pladsen
- 31.03: Johannes Haugen
- 04.04: Olav Mandt
- 14.04: Sverre Lia
- 18.04: Trygve Orebakken
- 26.05: Åse Torunn Bekkevold
- 31.05: Augun Evju

*«Lær oss å telja
våre dagar
så vi kan få
visdom i hjartet! »*

Salme 90.12



Blå Kors har flere tilbud for barne-familier som strever. Med din støtte kan vi hjelpe flere!

Gi trygge ferieopplevelser til
familier som har det vanskelig.

Gi din gave på **vipps 13130**



Blå Kors



FORMIDDAGSTREFF NES MENIGHETSHUS

Velkommen til Formiddagstreff på Nes menighetshus.

*Vi serverer god mat, det er andakt, god tid til å prate sammen,
og vi har dagens tema. På samlingene er det kollekt.*

Tirsdag 13. juni 2023 kl. 11.00:

Forfatter og radiomann **Halvor Kleppen**: Om ballongen som i 1870 fløy fra Paris til Lifjell. (Salg av boka)

Tirsdag 22. august 2023 kl. 11.00:

Barnebarn **Bjørn Holta**: Niels Steen – sjømannsprest og sokneprest gjennom to verdenskriger.

Tirsdag 12. september 2023 kl. 11.00:

Klokkekonsulent hos Riksantikvaren **Henning Andersen**: Kirkeklokkens historie.

Tirsdag 26. september 2023 kl. 11.00:

Prest **Tiina Klement** fra menigheten i Mustämaa i Tallinn forteller om arbeidet med å bygge kirke. Kollekt til kirkeprosjektet.

Tirsdag 10. oktober 2023 kl. 11.00:

Skuespiller **Elisabeth Dahl** får frie tøyler!

VI UTFØRER ALT INNEN
**NYBYGG, PÅBYGG OG
RESTAURERING**



**MIDT-TELEMARK
BYGG AS**
mtbygg.no
Folkestadvegen 166, 3802 Bø

Design • Websider • Visuell identitet • Print
Sosiale medier • Tekst & innhold • Film & foto

superlativ

Kreative telemarkinger

superlativ.no

Tlf. 35 06 00 00
www.systemblokk.no

POWER

Åpningstider: 10-18 (16)

Tlf: 35 06 03 50



**VELKOMMEN
TIL OSS!**

Bertelsen Nyhuus Optikk
 bertelsennyyhuusoptikk

Grundige synsundersøkelser,
god fagkunnskap, oppdatert
utstyr, topp service,
kjente merkevarer og
konkurransedyktige priser

Åpent mandag - fredag 10-16
lørdag 10-14




Bøgata 61, 3800 Bø tlf. 4839 4681
post@bnoptikk.no www.bnoptikk.no



Tlf. 35 06 06 50
Vakttlf. 480 01 222

E-post: post@haugestolvvs.no



MURMESTER
ESPEDALEN
MEIR ENN MUR

Tlf. 35 06 03 30

www.murmesterespdealen.no



FARGERIKE

Bø Maling a/s

Butikk: 35 95 13 50 E-post: post@bomaling.no
Håndverk: 95 88 05 26 E-post: john@bomaling.no

Sjekk  Punkt
BØ AUTO

Verksted
EU-kontroll
Bilutstyr

BILUTLEIE

 **35 95 02 75**

KIWI PRISLØFTET

VI GIR OSS ALDRI PÅ PRIS!

KIWI mini pris
KIWI Bø
ÅPNINGSTIDER: MAN-LØR **7-23**



**MARTHE VALE WANG - LOGOPED MNLL
M/MØNSTERAVTALE HELFO**

JEG TILBYR OPPFØLGING HJEMME HOS Klient, PÅ INSTITUSJON, PÅ ARBEIDSPLASS, PÅ SKOLE OG I BARNEHAGE, I MIDT-TELEMARK OG OMEGN.

ARBEIDSMRÅDER: PARKINSON, AFASI, STEMMEVANSKER, SPRÅK- OG UTTALEVANSKER, TALEFLYTVANSKER, OG UTREDNING AV DYSLEKSI AV BARN OG VOKSNE.

TA KONTAKT VED SPØRSMÅL ELLER ØNSKE OM TIMEBESTILLING.

KONTAKTINFORMASJON:
MARTHE VALE WANG
+47 986 18 919
LOGOPEDWANG@GMAIL.COM



VALO PUMPER AS



OLAV HAUGESTØL

40 års erfaring innen vann- og avløpspumper

VALO Pumper AS • Vreimsida 126 • 3803 Bø i Telemark
Tlf. 911 01 000 • olav@valopumper.no

Velkommen til gudsteneste!



DATO	TID	STAD	TITTEL	TEKST	PREST
11.06	11:00	Bø kyrkje	Gudsteneste	Matt 3,11-12	Asgeir Sele
18.06	11:00	Bø kyrkje	Gudsteneste	Luk 14,15-24	Axel Jørgen Bugge
18.06	11:00	Sauherad kirke	Gudsteneste	Luk 14,15-24	Anne-Inger Lunner
25.06	11:00	Bø kyrkje	Gudsteneste	Mark 10,17-27	Levi Korsveien
02.07	11:00	Nes kyrkje	Gudsteneste	Matt 7,15-20	Levi Korsveien
09.07	11:00	Dampfarveriet Hørte	Gudsteneste	Luk 5,1-11	Axel Jørgen Bugge
16.07	11:00	Bø kyrkje	Gudsteneste	Luk 15,1-10	Anne-Inger Lunner
23.07	11:00	Sauherad kirke	Gudsteneste	Matt 6,19-24	Anne-Inger Lunner
30.07	11:00	Tinghaug	Gudsteneste	Matt 11,28-30	Levi Korsveien
06.08	11:00	Nes kyrkje	Gudsteneste	Luk 5,27-32	Levi Korsveien
13.08	11:00	Bø gamle kyrkje	Gudsteneste m/ dåp	Matt 23,37-39	Axel Jørgen Bugge
20.08	11:00	Jønnbu Fjellkyrkje	Familiedag	Matt 6,24-34	Axel Jørgen Bugge
27.08	11:00	Bø kyrkje	Samtalegudsteneste	Matt 25,14-30	Axel Bugge
27.08	11:00	Patmos	Familiegudsteneste	Matt 25,14-30	Anne-Inger Lunner
02.09	11:00	Bø kyrkje	Konfirmasjon	Matt 25,14-30	Axel Jørgen Bugge
02.09	13:00	Bø kyrkje	Konfirmasjon	Matt 25,14-30	Axel Jørgen Bugge
03.09	11:00	Bø kyrkje	Konfirmasjon	Matt 20,1-16	Axel Jørgen Bugge
03.09	11:00	Nes kyrkje	Gudsteneste	Matt 20,1-16	
07.09	18:00	Nes kyrkje	Kveldsgudsteneste	Matt 20,1-16	Anne-Inger Lunner
10.09	17:00	Bø kyrkje	Innsetting av ny prest	Matt 5,38-48	Per Inge Håland
17.09	11:00	Bø kyrkje	Gudsteneste	Mark 7,31-37	Axel Bugge



Bø kyrkjekontor, Kyrkjevegen 78, 3800 Bø i Telemark

Telefon: 35 06 10 40 • Epost: post@bokyrkje.no

Bø kyrkje og Bø gamle kyrkje, Kyrkjevegen 63, 3800 Bø i Telemark

FYLG OSS PÅ bokyrkje.no // Bø kyrkjelyd